Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 5 AUGUST 1993 26. ÅRG.

# Barnehagen 20 år



**Arna kyrkjelyd sin barnehage, som held til i sokkeletasjen i bedehuset i Indre Arna, fyller 20 år i august. Søndag 29. august vert jubileet markert, under gudstenesta i kyrkja og ved ein fest i bedehuset på ettermiddagen. På bildet er styrar Berit Marhaug Hartveit i leik med barna under eit karneval i barnehagen.**

**Forts. side 4**

# Men frels oss frå det vonde

nokon går frå meg
ver hos meg
nokon slår meg
trøyst meg
nokon ertar meg
sei du er min ven

rekk meg di hand
Gud
når eg har det vondt
eg vil gå saman
med deg

det var så mørkt
alt var så trist
sola gjekk ned
Gud
du er i lyset
der framme

**Skriven av Oskar Stein Bjørlykke.**
**Frå heftet «Fadervår», IKO-forlaget 1991.**
**Trykt med samtykke**



| | | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | E | | | | B |
| J | | | | | | | | L | | A | | A |
| E | | | | | | | | S | | L | | R |
| S | Ø | N | D | A | G | S | S | K | O | L | E | N |
| U | | | | | | | | E | | E | | A |
| S | | | | | | | | R | | | | |

| **Søndagsskular i Arna** | **klokkeslett** | **Leiar** | **Tlf.** |
|---|---|---|---|
| Indre Arna i Arna Bedehus | 11.00 kvar søndag | Ingrid Håøy | 05 24 03 26 |
| Arna kyrkje, Borgstova | 11.15 kvar søndag | Ingrid Vareberg | 05 24 09 54 |
| Liatun, Stølsv. 98 F | 10.30 kvar søndag | Johannes Jakobsen | 05 24 27 54 |
| Takvam | 11.00 annankvar søndag | Klara Ulveseter | 05 24 09 65 |
| Romslo | 11.00 annankvar søndag | Klara Ulveseter | 05 24 09 65 |
| Trengereid | | Else Stokke | 05 24 90 04 |
| Seimsmark | 11.00 annankvar søndag | Viktor Abildgaard | 05 24 23 07 |
| Tunes | 11.00 annankvar søndag | Margrethe Almenning | 05 24 25 52 |
| Hauge, Betania, Lone | 10.45 annankvar søndag | Inger Myklebust | 05 24 29 05 |
| Unneland | 11.00 annankvar søndag | Arthur Hope | 05 24 08 09 |
| **Søndagsskular i Ytre Arna** | | | |
| Ytre Arna | 10.30 annankvar søndag | Jan Skorpen | 05 24 89 72 |
| Haugland | 11.00 annankvar søndag | Roger Hosøy | 05 24 77 06 |

Det går mange barn på søndagsskolen i Arna, men Jesus elsker alle barna og vil at alle skal høre om Ham. «Gi barna Guds ord» er mottoet for søndagsskolens tekstopplegg — det ordet som er levende og som kan gi liv og vekst for barnetroen og utvikle en bevisst tro på Jesus som Guds sønn.

Dåpen forutsetter opplæring. La søndagsskolen hjelpe deg; far og mor og fadder med oppgaven din. Send barna til søndagsskolen. Vi tar imot dem fra 3 år og oppover. Bli gjerne med!

**Hilsen søndagsskolelærerne i Arna**



# Barnehagen 20 år

Arna Kyrkjelyd sin barnehage i Indre Arna markerer sitt 20 års jubileum søndag 29. august. Det er i dag 35 barn og 8 tilsette i barnehagen, som held til i sokkeletasjen i bedehuset i Indre Arnavegen.

Det var på eit møte i Arna sokneråd 28. november 1968 at det vart vald ei nemd på tre medlemmer som skulle greia ut spørsmålet om soknerådet skulle ta eit initiativ til å drive dagheim/barnehage i det nye bedehuset i Indre Arna. Bakgrunnen var eit skriv frå formannen i byggenemda for bedehuset, Aøbregt Ivarsflaten, med førespurnad om soknerådet kunne vera interessert i å leiga sokkeletasjen inkludert tilfluktsrommet for drift av barnehage.

Jens K. Hauge vart vald som formann for nemda og med seg hadde han Brita Romslo og Bjarne Fjelltveit. På soknerådsmøtet 26. februar 1969 gjorde så soknerådet samrøystes vedtak om å ta opp arbeid med dagheim. I starten var det meininga å få til eit samarbeid med Indre Arna husmorlag, men det lukkast ikkje.

Arkitekt Johan Tveit teikna barnehagen. Det var også han som var arkitekt for bedehuset. I juni 1969 kom Dagny Kleppestø med i nemda. Etter mange planleggingsmøte og mykje arbeid var ein i byrjinga av 1973 komne så langt at ein kunne lysa ut dei første stillingane. Som første styrar var tilsett Torun Fredriksen og som første avdelingsleiar Kirsten Økland. I slutten av august 1973 vart så dagheimen opna for dei første barna. Innviinga av dagheimen skjedde 25. april 1976.

I alle år har samarbeidet med foreldra vore særs positivt. Styrar i jubileumsåret er Berit Marhaug Hartveit.



# Soknerådsval 1993

I Arna sokn er det val til nytt sokneråd søndag 10. oktober 1993, frå like etter høgmessa, kl. 12.30 og til kl. 15 og søndag 17. oktober 1993 frå kl. 17 til kl. 20. Vallokalet er i Arna kyrkje.

På Trengereid vert det val like etter gudstenesta søndag 10. oktober 1993, kl. 12.30. Vallokalet er i Trengereid bedehus. Rett til å røyste har kvart medlem av Den norske kyrkja som bur i soknet og som innan utgangen av 1993 vil ha fylt 18 år og ikkje er frådømd røysterett i offentlege saker. Det statsborgerlege manntalet ved stortingsvalet i haust vert lagt til grunn for utarbeidinga av det kyrkjelege manntalet. Personar som ikkje er ført opp i det statsborgerlege mann- talet, men som meiner dei har røysterett ved soknerådsvalet, må melda seg til soknerådsleiaren Audun Stølås, Stølsv. 53 B, 5260 Indre Arna innan 1. september 1993.

Kyrkjeleg manntal vert lagt ut til ettersyn på kyrkjekontoret i Indre Arna frå 10. september 1993.
Soknerådet vert halde som fleirtalsval dersom soknerådet ikkje innan 1. september 1993 kl. 20.00 har motteke skriftleg krav frå minst 10 røysteføre om at valet skal gå føre seg som høvetalsval.

Framlegg til vallliste skal vere underskriven av 10 røyste- føre. Namna på forslagsstillarane skal førast opp som overskrift på lista. Framlegg til vallister må ha kome inn til soknerådet innan 10. september 1993. Rettleiing om oppsetjing av vallister kan ein få hos soknerådet.

**20. august 1993**
**Arna sokneråd**

---

# Soknerådsval 1993

I Ytre Arna sokn er det val til nytt sokneråd søndag 17. oktober 1993, like etter høgmessa kl. 12.30 og søndag 24. oktober 1993, like etter høgmessa kl. 12.30. Vallokalet er i Ytre Arna kyrkje.

Rett til å røyste har kvart medlem av Den norske kyrkja som bur i soknet og som innan utgangen av 1993 vil ha fylt 18 år og ikkje er frådømd røysterett i offentlege saker. Det statsborgerlege manntalet ved stortingsvalet i haust vert lagt til grunn for utarbeidinga av det kyrkjelege manntalet. Personar som ikkje er ført opp i det statsborgerlege mann- talet, men som meiner dei har røysterett ved soknerådsvalet, må melda seg til soknerådsleiaren Alice Bjørnestad, Sørfjordv. 11 A, 5265 Ytre Arna innan 1. september 1993.

Kyrkjeleg manntal vert lagt ut til ettersyn på kyrkjekontoret i Ytre Arna frå 10. september 1993.

Soknerådet vert halde som fleirtalsval dersom soknerådet ikkje innan 1. september 1993 kl. 20.00 har motteke skriftleg krav frå minst 10 røysteføre om at valet skal gå føre seg som høvetalsval.

Framlegg til vallliste skal vere underskriven av 10 røyste- føre. Namna på forslagsstillarane skal førast opp som overskrift på lista. Framlegg vil vallister må ha kome inn til soknerådet innan 10. september 1993. Rettleiing om oppsetjing av vallister kan ein få hos soknerådet.

**20. august 1993**
**Ytre Arna sokneråd**

**ARNA KYRKJLYD SIN BARNEHAGE**
**inviterer til**
**20 års jubileum**
**SØNDAG 29. AUGUST 1993**

Feiringa starter med familiegudsteneste i Arna Kyrkje kl. 11.00 med innslag fra barnehagen.
Så er det fest på bedehuset fra kl. 17.00 til 19.00, med program som passer for store og små.
Det blir servering av kaffe og kaker.

# Gje kyrkja eit godt råd - røyst ved sokneråds-valet!

SOKNERÅDS
## VAL '93

### Søndag 10./17. oktober 1993

Kvart fjerde år er det val til nye sokneråd i alle norske kyrkjelydar. Hausten 1993 skal det veljast nye råd for perioden 1994-97. Valdagane er søndag 10./17. oktober 1993.

**DU KAN RØYSTE I SOKNET DER DU BUR, DERSOM**
- du har fylt 18 år innan utgangen av året
- du er medlem av Den norske kyrkja
- du står oppført i manntalet

**SLIK RØYSTER DU**
- Møt fram i di eiga kyrkje søndag 10. eller 17. oktober. Valet startar vanlegvis rett etter kyrkjetid (ved 12.30-tida) og varer eit par timar.
- Kryss av i manntalet, som er lagt ut i kyrkja. (Manntalet er også lagt ut til vanleg ettersyn minst ein månad i førevegen, på offentleg kunngjort stad).
- Du kan bruke godkjend valliste som er lagt ut i vallokalet. Du kan stryke, føye til, kumulere og endre rekkjefølgja på namn.
- Du kan og førehandsrøyste på kunngjort stad.

**Eit døme:** Det skal veljast 13 til soknerådet - 8 medlemmer og 5 varamedlemmer. Dersom du så leverer lista uretta, vil dei 13 første på lista få ei røyst, medan resten av namna på lista ikkje vil telje med. Ønskjer du ei anna samansetjing av rådet, må du gje uttrykk for det ved anten å stryke, endre rekkjefølgje, føye til nye namn eller kumulere namn. (Det vil seie å føre opp eit namn på lista ein gong til. Du gjev då denne personen to røyster). Dei kandidatane du ønskjer å få inn i soknerådet, må du få på sikker plass mellom dei 13 første.

**NOMINASJON OG VAL**
Dei fleste stader er soknerådsvalet fleirtalsval med ei valliste. Lista er vanlegvis sett opp av ein nominasjonskomite.

Personar og grupper som ønskjer det, kan stille eigne lister innan 10. september - ein månad før valet. Det kan og krevjast forholdstalsval. Fristen for å krevje dette er 1. september. Då blir plassane i soknerådet delt mellom listene i forhold til kor mange røyster listene har fått.

**FLEIRE OPPLYSNINGAR FÅR DU**
- ved å kontake prestekontoret eller kyrkjelydskontoret (slå opp i telefonkatalogen under "Kyrkja")
- gjennom informasjon på plakat, i kyrkjelydsblad og lokalaviser
- ved å tinge heftet med Kyrkjedepartementet sitt rundskriv og Kyrkjerådet si rettleiing (kr. 10,- pluss porto, på telefon 22 60 46 90)

**SOKNERÅDET LEIER KYRKJA I NÆRMILJØET**
Soknerådet har mange viktige oppgåver i kyrkja og lokalsamfunnet. Her trengst personar med ulik yrkes- og erfaringsbakgrunn, kvinner og menn, unge og eldre...



# Kyrkjeasyl i Ytre Arna

Familien Florije og Lufti Haziraj og deira to born Granit (4) og Arbernit (2) har no vore to månader i kyrkjeasyl i Ytre Arna. At dei let seg isolera på denne måten over so lang tid, fortel ein del om kor umogeleg dei ser på det å venda attende til heimlandet sitt no. Dei ottast rett og slett for livet sitt der. Kyrkjeasylet er deira einaste utveg for tida.

Når soknerådet opna dørene for dei, var det avdi ein tok familien si eiga vurdering av situasjonen på alvor. Kven andre enn dei sjølve veit kva dei har opplevd? Sidan dei, over lengre tid, budde i asylmottaket i Ytre Arna, kjende soknerådet eit særleg ansvar. At Florije går med barn gjer ikkje tanken på å venda attende no lettare, og vårt ansvar for dei mindre.

Tanken bak eit kyrkjeasyl er sjølvsagt at dette skal vera midlertidig. Vi vonar på at situasjonen i Kosovo vil betra seg slik at dei kan venda attende. Etter den informasjon ein får, verkar det som det går gale vegen for albanarane i Kosovo. Det er difor ikkje aktuelt å taka denne familien ut av kyrkjeasylet no.

Det kan vera ymse meiningar om dette. Ein ser at kritiske røyster har heva seg på ymse vis. For oss som har kontakt med dei det gjeld, og opplever deira angst med tanken på heimreis, vert utkasting nærmast umenneskeleg. Ein kan ikkje avvise menneske som opplever sin situasjon som kritisk naud.

Inntil vidare treng familien midlar til dagleg opphald. Soknerådet og SOS Rasisme har oppretta ein konto i Sparebanken Vest, Ytre Arna. Dei som vil vera med på å gje familien Haziraj ei handsrekning kan senda bidraget sitt til Sparebanken. Kontonr. er: 3633.51.41118. Mykje eller lite, alt kjem vel med.

Ytre Arna sokneråd
**Prestane i Arna**

# Kjell Nese ny prost

Soknepresten i Arna, Kjell Nese, er fra 1. september av biskopen satt til midlertidig prost for Åsane og Arna prosti.

Kjell Nese kom som sokneråd til Arna fra Vossestrand. Han er 57 år. Nese er født i Våle i Vestfold. I 1965 tok han teologisk embedseksamen. Etter et år som feltprest ved Jørstadmoen, kom han til Vossestrand i 1968 og var der til 1989.

Da tre nye prostier i Bergen ble utskilt i 1989 (Fana og Laksevåg er de to andre) ble biskopen bedt om å konstituere proster inntil videre. Første prost i Arna og Åsane ble da sokneprest Kaare Nødtvedt (Salhus) som døde i tjenesten i 1992.

## Valnummer

Neste nummer av Kyrkjelydsblad for Arna vert eit valnummer i høve soknerådsvalet i oktober. Bladet kjem ut 30. september og frist for innlevering av stoff til bladet er fredag 17. september.


**10** KRONER REKKER TIL Å PLANTE ET TRE I MALI
**20** KRONER ER NOK TIL EN ØYE-OPERASJON I NEPAL
**150** KRONER SKAFFER EN TØRKERAMMET FAMILIE I ERITREA MAT I EN MÅNED
**300** KRONER KAN GI EN UNGDOM I EL SALVADOR HJELP TIL UTDANNELSE

**KIRKENS NØDHJELP**
POSTBOKS 5868 HEGDEHAUGEN, 0308 OSLO.
POSTGIRO: 0805 5201405.
BANKGIRO: 6046.30.09530.

## Reiseskildring:

# Asbjørn på tur med 13 kjekke jenter!

Det var en forventningsfull gjeng, som kvelden 1. juli møtte frem til togavgang for nattoget til Oslo. 12 utrolig kjekke jenter fra Arna Ungdomskantori, med Inger-Johanne og Asbjørn som reisefølge, skulle på Korfestival til Fredrikstad, i regi av Norges Barne- og Ungdomskor-forbund. Med foreldre vinkende fra perongen, drog vi av sted, og for å si det som det var, «skravla» gikk i ett, fra Arna til Oslo — og fortsatte hele helgen til vi var tilbake igjen, mandag morgen, 5. juli. For en herlig flokk!

Å sitte oppe en hel natt med en slik livfull bukett unge, er ikke kjedelig et øyeblikk. Det må innrømmes at noen små hysj måtte til, men ikke mange!



Lørdag morgen, etter å ha blitt mottatt i Oslo av representant for korforbundet, tok vi oss den luksus at vi spiste en riktig god frokost på Stefanhotellet. Gluggene var smale på opptil flere av jentene da, men det hadde ikke gått ut over humøret, det var tydelig. Riktignok var det ikke alle som følte seg helt i toppform, men med litt ekstraforpleining gikk det greit. Asbjørn tok med seg de mest nyfikne på by'n, Karl Johan måtte oppleves, forståelig nok. De hadde dumpet bort i en bokhandel med boksalg, og det var tydelig at pengene hadde fått ben å gå på, og bagene var fylt opp med litteratur av ymse slag.

Kl. 12.00 var det eget festivaltog til Fredrikstad, og det ble en velklingende reise, som nok bød på forsinkelser, men hva gjorde det, når syngende ungdommer fra hele vårt langstrakte land, fylte et helt togsett. De 12 ternene fra Arna var heller spake. De fleste tok en lur. Den trengte de, utvilsomt.

Vel fremme ble vi fraktet i busser, godt organisert, til de respektive skoler hvor vi skulle bo, og etter en rask inkvartering var vi klare til å sette nesen mot biblioteket i byen, hvor fellesøvingen for vår del skulle være, samt at vi også måtte få med oss den offisielle åpningen. Været viste seg fra sin bedre side, med sol og varme. Med nytildelte medaljer på brystet, var showet i gang. Det kan umulig la seg gjøre å gi en detaljert beskrivelse av helgens opplevelser. Men la meg si det slik, at å se de skjønne jentene sitter der, fredags ettermiddag, time etter time på øving, med Ketil Ertresvåg som instruktør, der de sang fra musicalen «Hello Dolly», uten å ha blundet stort natten i forveien, var et skue for seg. Visst sang de — og jobbet — og konsentrasjonen måtte skjerpes ytterligere når de skulle til





pers med å bevege seg i takt med musikken. Men for et syn! De var virkelig flinke jentene våre!

Asbjørn og jeg nikket tilfreds til hverandre, og kunne med stolthet konstatere, at trass i at disse jentene kun hadde sunget i kor siden september, nøyaktig ca. 10 måneder, så hadde de jammen ingen ting å skamme seg over, selv om vi var det eneste koret som ikke hadde egen uniform, eller korkapper. Det hjalp ikke å se aldri så fin ut, som korene stort sett gjorde, når det musikalske ikke helt stod i stil for å si det pent, hos flere av dem.

Det var hardt å holde ut, men det gikk, og fredagskvelden, da klokken så vidt hadde tippet 23, lå våre vidunderlige ungmøer pent i sine soveposer og ba om at vi måtte slukke lyset. Det varte ikke lenge før de sov — alle sammen. For noen prakteksemplarer!

Vel, turen var ikke helt slutt, — vi fikk da middag på Kongstenhallen før vi forlot Fredrikstad, med nesa mot Oslo. Pølser stod på menyen — Asbjørn var henrykt, og spiste opp alle restene fra dem som ble fort mette! På turen til Oslo var det ganske tyst. Jeg tror mange sov. I hovedstaden skilte vi lag med tre stykker, som skulle videre på ferie og familiebesøk, mens de ni jentene som var igjen fikk seg en trikketur til Frognerparken for å se på livet der, før vi spiste litt og satte oss på nattoget til Bergen. «Skravla» gikk i ettt på noen av dem enda, jeg fatter ikke at de holdt ut. Tilløp til latter var det stadig vekk. Takk for deres gode humør! Ta vare på det!

— Og så, langt opp i dalene, midt på natten, mens jeg satt der og forsøkte å sove, så snur den ene av jentene seg og sier: «Du Inger-Johanne, vet du, det fineste for meg på denne turen, det var når vi sang på gudstjenesten — for det var slik høytid der». Takk kjære jenta mi for det du sa! Det varmet så inderlig godt. Asbjørn trykket hånden min, søvnen hadde ikke hindret ham i å høre de ordene, og vi visste der og da, at vi skal fortsette som vi har begynt, med det vi tror på! Ingen skal fortelle meg at man behøver å presentere futt og fart, tut og kjør, pop og soul og rock for å få ungdommen med seg. Slikt får de nok av i samfunnet ellers. Det som trengs er ledere som elsker dem, tror på dem, og som er villige til å kjempe

for dem, og som vil presentere kun det som har kvalitetsstempel. Det har vi forsøkt å gjøre, etter beste evne. Vi skal ikke la oss stoppe av dem som ukritisk senker terskelen og vil gjøre plass for en musikalsk aktivitet som ikke ivaretar de kirkemusikalske tradisjoner.

Så kjære jenter, vi starter opp igjen, men denne gang legges øvingen til onsdager, første øving er 25. august. Dere får brev i posten!

Dessuten er København klar til å ta imot oss til sommeren!

Skal hilse dere fra Asbjørn — men han har dessverre sovnet. Han snorker fortsatt. Det siste han mumlet før han falt i søvn var: Mimrefest!

Masse varme hilsner og takk til dere 12 som var med,

**fra Inger-Johanne**

# Kyrkjeskyss Haukeland/Unneland

| | | |
|---|---|---|
| 05.09: | Oddmund Skjoldal | tlf. 05 24 28 76 |
| 12.09: | Ingrid Hope | tlf. 05 24 08 08 |
| 19.09: | Jens Hauge | tlf. 05 24 01 43 |
| 26.09: | Nils Minde | tlf. 05 24 01 54 |
| 03.10: | Berit Haugsvær | tlf. 05 24 08 15 |
| 10.10: | Sverre Myklebust | tlf. 05 24 29 05 |
| 17.10: | Oddmund Skjoldal | tlf. 05 24 28 76 |
| 24.10: | Ingrid Hope | tlf. 05 24 08 08 |
| 31.10: | Jens Hauge | tlf. 05 24 01 43 |

## K-FORUM ARNA

Vi minner alt nå om høstens møter i K-Forum.
X av i «Sansen» slik at du ikke blir opptatt med andre ting disse datoene:

**Tirsdag 14. sept. kl. 19.30**
**Tirsdag 12. okt. kl. 19.30**
**Tirsdag 9. nov. kl. 19.30**
**Tirsdag 7. des. kl. 19.30**

— + KVINNEWEEKEND TIL HELGATUN fra fredag 8. okt. — søndag 10. okt.
K-Forum er for kvinner i alle aldre.
VELKOMMEN!!!


## Humoristen

**ENDELIG** et blad som dyrker den gode humor og tar humoren på alvor.

*

Les i Nr. 1:

* Prestefrue og mester i aprilspøk (Kristin Sundsbø)
* Fra folkesagn til sommeragurker
* Vikinge-jubileum
* Leker under OL

*PS: I Humoristen er det pressen som er offeret.*

**Send Humoristen i årsabonnement (seks numre) for kr. 180,- til**

**Navn** ..........................................

**Adresse** ..........................................

..........................................

Sendes: Humoristen,
Stølsv. 53 B, 5260 Indre Arna


## KIRKENS SOS I BJØRGVIN
SENTER FOR SAMTALE

**KIRKENS SOS TRENGER NYE TELEFONVAKTER TIL DAG, KVELDS- OG NATTEVAKT:**

Du må være over 22 år, kristen og lojal mot den Norske Kirkes bekjennelse.

Før du starter i tjenesten er du med på et 10-kvelders innføringskurs. Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe. Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten. Oppgaven er først og fremst å lytte, være et medmenneske for dem som trenger det.

Er du interesert?
Kontakt oss snarest.

Tlf. 32 58 45, mand. - fre. på dagtid.

# Sjømannsmisjonens dag -93
## i Terminus Hall 29. august kl. 17.00

**Pianisten Jan Henrik Kayser**
**Nordsjøprest Knut Mølback**
**Mannskoret Ljom**
**Utesekretær**
**Petter Skants**

Mange kommer til Terminus Hall denne dagen for å markere at det er Sjømannsmisjonens Dag -93. Kommer du?

Redaksjonssjef i NRK fjernsynet Jahn Otto Johansen vil kåsere om sitt møte med Sjømannsmisjonen og våre kirker, spesielt i USA. Han er en flittig bruker — verden over.

Pianisten Jan Henrik Kayser vil spille «Lyriske stykker av Edvard Grieg». Noe som skulle passe godt i dette «Grieg-året» vi er inne i.

Sang og musikk hører med, det skal det bli mye av. Mannskoret Ljom fra Askøy er et kor bestående av dyktige sangere, som på sin lune måte vil lede an i sangen. De har et repertoar som passer godt inn i vår sammenheng.

Nordsjøprest Knut Mølback har lang erfaring som sjømannsprest, bl.a. fra vårt arbeid i New York og Sør-Korea. Han vil ta oss med til «En sjømannsprests hverdag i helg og høytid». Å høre Knut Mølback kåsere, er en sann fornøyelse. Vi gleder oss!

Du får anledning til å treffe mange sjømannsmisjonsvenner i Terminus Hall denne kvelden, til ekte sjømannsmisjonsfest.

En fin start på høstsemesteret. Vel møtt til «fest på kjerka».

Bill. kr. 50,- ved inngangen.

**Den Norske Sjømannsmisjon**
**Norsk kirke i utlandet**

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
06.06: Linn Skjerping, Thea Emilie Samuelsen, Elisabeth Louise Garnes, Agnete Vatle, Sindre Mjelde og Ronny Rolland Arnatveit.
12.06: Atle Kulild, døypt i Bergen.
20.06: Haakon Arthur Pedersen, Bastian Kippersund Gustavsen.
04.07: Vilde Garnes Steffensen, Kim André Låstad Arnesen, Thomas Bysheim, Anders Mjelde.
11.07: Ørjan Bjånes Indrevær.
18.07: Cathrine Tunes Huse, Martine Alette Knutsen Eltvik.
01.08: Ivan Unneland Weiseth, Robert Jarland.

**Ytre Arna sokn:**
13.06: Eivind Henriksen.
20.06: Joachim Skønberg.

## RETTING

Lisa Helleve Selvik, Arna, døypt i Birkeland kirke. Navnet er feilskrevet i Kyrkjelydsbladet tidligere. Det beklager vi.



## Vigde

**Arna sokn:**
05.06: Roy Juvik og Åse-Lill Corneliussen.
12.06: Geir Ove Mjelde og Mette Hammersland, vigde i Samnanger kyrkje.
19.06: Børge Sivertsen og Bente Helen Angell.
26.06: Torbjørn Hetlevik og Tone Solhaug.
26.06: Bjørn Tore Sivertsen og Anita Ulvøen. Vigde i Blomvåg kirke.
31.07: Kenneth Vaksdal og Lillian Bjelde.
31.07: Frode Ellingsen og Liss Wenche Dimmen. Vigde i Fana kirke.

**Ytre Arna sokn:**
29.05: Tom Erik Presthus og Berit Honningsvåg, vigde i Johanneskirken.
19.06: Xhevdet Muriqi og Elisabeth Nå.
26.06: Vidar Bjørnestad og Kirsti Ursula Damminger.
03.07: Odd Magne Ottesen Havneraas og Bodil Larsen.
03.07: Morten Grøttå og Torhild Einmo.
10.07: Gunnar Kvamme og Tone Britt Rolland.
31.07: Erik Songstad og Ragnhild Marie Tofterå.

## † Døde

**Arna sokn:**
26.05: Jofrid Sofia Gjerde, f. 1905.
26.05: Anna Karoline Løtvedt, f. 1906.
11.06: Malfrid Oliva Slåttelid, f. 1911.
12.06: Knut Nilsson Eide, f. 1898.
17.06: Alfred Mele, f. 1909.
20.07: Einar Normann Veset, f. 1942.
23.07: Hjørdis Nygård, f. 1909.
26.07: Gunnar Kvam, f. 1920.
29.07: Ågot Skulstad, f. 1919.
29.07: Eldbjørg Knudsen, f. 1938.
08.08: Hans Birkeland, f. 1912.

**Ytre Arna sokn:**
08.06: Randolf Larsen, f. 1906.
22.07: Arthur Kvamme, f. 1923.



## Ofringar

**Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 06.06: | AAN | 1.705,- |
| 13.06: | Bergen Diakonissehjem | 2.610,- |
| 20.06: | Kyrkjelydshuset | 4.075,- |
| 27.06: | Det vestlandske indrem.forb. | 3.289,- |
| 04.07: | Kyrkjelydsarbeidet | 4.012,- |
| 11.07: | Prostirådet | 934,- |
| 18.07: | Kyrkjelydshuset | 2.611,- |
| 25.07: | Norsk misjon i øst | 1.452,50,- |
| 01.08: | Kyrkjelydsbladet | 1.584,20 |
| 08.08: | Den indre sjømannsmisjon | 2.719,- |

**Ytre Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 06.06: | Arna og Åsane prostiråd | 887,- |
| 13.06: | Kyrkjelydshuset | 1.069,- |
| 20.06: | Kyrkjelydsarbeidet | 1.055,- |
| 04.07: | Kristenfolkets edruskapsråd | 460,- |
| 11.07: | Kristent innvandrerarb. | 886,- |
| 18.07: | KFUM/KFUK | 710,- |
| 01.08: | Kyrkjelydshuset | 770,- |

## Møter

**17. sept. og 15. okt.** har Det Kvite Bånd møte i Arna Bedehus kl. 19.30.

## *Velkomen til kyrkje*

**Aug. 29.** *13. s.e. pinse — Mark 7, 31-37*
**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. 20-års jubileum for Barnehagen. Dåp. Takkoffer til Arna kyrkjelyd sin barnehage.
**Ytre Arna kl. 11.** Red.sjef. Odd Sverre Hove. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.
**Trengereid kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.




BERGEN OG OMEGN
BEGRAVELSEHJELP
05 23 12 12 Nøstegt. 35
Parkering
KNUT HELGE POLDEN DØGNVAKT
Vi utfører alt det praktiske el. tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ
Hermann Fossgt. 11 Døgnvakt Tlf.: 05 32 55 50
• Trygghet • Erfaring
Disp. Ole G. Solstrand Magnus Eriksen
tlf.: 05 16 15 22 tlf.:05 16 15 18
Avdelingskontorer: Hollendergt. 4 – Kalfarvei 116 – Lundehjørnet, Os.
Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris.

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING
LA OSS TA ANSVARET
VI GIR GJERNE FORHÅNDSPRIS

*Tidlegare Espeland Begravelsesbyrå*

**Kåre Bj. Hope**
**Tlf. 05 24 08 08**
**Mobiltelefon 090 01504**

*Står til teneste med alt ved dødsfall.*
Kransebinderi, sløyfetrykkeri.
Annonser, sanger, båretransport.

**SAMDALS**
BYRÅ
**JONSVOLLSGATEN 1**

**90 19 80 hele døgnet**
***Kommer også hjem for samtale.***
**J. Teigland tlf. privat: 24 22 23**

# KALORIER

Mange tenker bare på kalorier som et problem når man får for mye av dem. Har du noengang tenkt på hvilken lidelse det er å alltid få for lite av dem?

Postgiro
Bankgiro **100**

BRØD FOR VERDEN 25 ÅR

Kirkens Nødhjelp
Fasteaksjonen

**KIRKENS SOS**

**Treng du nokon å snakka med?**

**Ring 32 32 00**
**frå klokka 19 til 07**
**alle dagar**
eller mellom klokka 10 og 14
måndag til fredag.


**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15
**Kontortid:** Tirsd., onsd., fred. kl. 10.00 - 12.00.
Torsdag 17.30-19.00
**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 24 85 46.
**Kontortid:**
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.




**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna
**Redaktør:** Audun Stølås

**Forretningsførar:** Turid Vie
**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr. 0805 3104445
Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna



**Spesialforretning i blomster**
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.
**Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

*Frøydis* SALONGEN
**Garnesveien 41 · Indre Arna**
**Tlf.: (05) 24 00 68**
**Stedet for moderne og fagmessig hårdesign**
**Dame • Herre • Brudepynting**
**Fagkunnskap gir trygghet**
**10% for pensjonister alle dager.**

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

*Kleiveland* A.S
*Ur og Gullsmed*
**5260 Indre Arna - Telefon 24 04 96**

**FOKUS** *Bank*
Banken i Arna – for Arnafolk,
der alle kundar, store og små,
er hjarteleg velkomne.

**FOKUS BANK**
**avd. Arna**

***BLOMSTER***
**til enhver anledning!**
**Ring vår blomstertlf.**
**24 25 95**
**a.s. Sarepta**
5260 Indre Arna

Vi reparerer alle typer husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner,
også TV 2.

**Litangen**
**Husholdningsservice,**
**Garnes**
**Telefon 05-24 02 87**

# *Velkomen til kyrkje*

**Sept. 05.** *14. s.e. pinse — Luk. 10, 25-37*
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese og kateket Rodal. PRESENTASJON AV KONFIRMANTANE. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.
**Ytre Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Kap. Johansen. PRESENTASJON AV KONFIRMANTANE. Dåp. Takkoffer til Ytre Arna Barne- og Ungdomskor som også deltek. Kyrkjekaffi for konfirmantforeldre.

**Sept. 12.** *15. s.e. pinse — Sal. 146.*
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese og kateket Rodal. PRESENTASJON AV KONFIRMANTANE. Dåp. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.
**Ytre Arna kl. 11.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
**Takvam kl. 16.** Sokneprest Nese. FAMILIEGUDSTENESTE. Søndagskulens dag.

**Sept. 19.** *16. s.e. pinse — Matt. 6, 24-34.*
**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Kap. Johansen. Borna sin misjonsdag. Dåp. Takkoffer til Borna sitt misjonsprosjekt.
**Trengereid kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese og kateket Rodal. Søndagsskolens dag. PRESENTASJON AV KONFIRMANTANE. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.

**Sept. 26.** *17. s.e. pinse — Joh. 11, 17-27, 37-44*
**Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. JUBILEUM FOR 50-ÅRS KONFIRMANTAR. Nattverd. Takkoffer til NLA. Søndagsskule.
**Ytre Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Eldredagen. Nattverd. Takkoffer til NLA. Ytre Arna kyrkjekor. Kyrkjekaffi for dei eldre.

**Okt. 03.** *18. s.e. pinse — Rom. 14, 1-8*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Eldredag. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.
**Ytre Arna kl. 11.** Sokneprest Nese. 50-årskonfirmantar. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.

**Okt. 10.** *19. s.e. pinse — Mark. 12, 28-34*
**Arna kl. 11.** Gudsteneste. Dåp. Takkoffer til Ungdomsklubben «Arken». Søndagsskule.
**Takvam kl. 11.** Gudsteneste. Nattverd.
**Trengereid kl. 11.** Kap. Johansen og misjonær Asbjørn Holm. Takkoffer til Tibetmisjonen.
**Ytre Arna kl. 19.** SALMEKVELD. Arve Brunvoll. (Salmedikting på Vestlandet).

**Okt. 17.** *20. s.e. pinse — Mark. 2, 1-12*
**Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. SØNDAGSSKULENS DAG. Takkoffer til Bergen Søndagsskulekrets. Dåp.
**Ytre Arna kl. 11.** FAMILIEGUDSTENESTE. Kap. Johansen. SØNDAGSSKOLENS DAG. Dåp. Takkoffer til Bergens søndagsskolekrets. Kyrkjekaffi.

**Okt. 24.** *21. s.e. pinse — Mark. 10, 2-9*
**Arna kl. 11.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.
**Ytre Arna kl. 17.** «Spill din glede». Syngespel for born av Henrik Ødegård v/Barnekor frå fleire kyrkjelydar.